

NOTAT

Tema: Region Nordhordland Helsehus IKS - budsjett og økonomiplan

Frå: Dagleg leiar i RNHI Rune Heradstveit

Til: Styret i RNHI

Dato: 2. november 2018

Region Nordhordland Helsehus IKS budsjett og økonomiplan

Investeringsbudsjettet

Innleiing

Det er satt opp eit budsjett og ein økonomiplan for investeringsprosjektet for Region Nordhordland Helsehus. Når ein kjem til 2020/21, så vil ein gå over i ein driftsfase, men me har førebels konsentrert oss om investeringsfasen.

Status og omtale av kostnadane med prosjektet (alle tal er inklusiv mva som ikkje vert refundert)

Ved utgangen av september 2018 har det påløpt om lag 42 mill kr så langt i prosjektet. Kva som vert totalen ved årsskiftet 2019 er litt usikkert, men me reknar med om lag 75 mill kr.

I budsjettet som vart vedteke for 2018 var den totale netto kostnaden forventa til å vere 624 mill kr. Kontraksprisen på totalentreprisen vart lågare enn det som er satt opp i tidlegare budsjett, noko som betyr at prosjektet skal halde seg innanfor den totale låneramma som er satt for prosjektet på 640 mill kr.

Arbeidet med flytting av Telenoranlegget har pågått i nokre månadar, og både basestasjon og mast har vore på plass ei stund. Det vert no jobba med installasjon av teknisk utstyr i basestasjonen og omkabling i nærområdet. Dette er eit krevjande arbeid, men er i rute til å vera ferdig til 1. desember.

Consto AS jobbar no med oppstart av arbeidet og prosjektering. Arbeidet med riving av eksisterande hus har starta opp, og grunnarbeidet vil etter planen starta opp i slutten av november.

Føresetnader og kommentarar til budsjettet

- Den totale låneramma for prosjektet er kr 640 mill.
- Kalkylen etter refusjon av MVA og tilskott Husbanken) er kr 624 mill.
- Rentenivået i perioden er satt til 2,5 %. I dag er den under 2,0 % og RNHI har fått grøn rente noko som gir 0,1 % poeng lågare rente enn vanleg marknadsrente hos Kommunalbanken.
- RNHI vil få refundert 68,8 % av MVA utgiftene. Det er for det arealet som Lindås kommune og Hordaland fylkeskommune skal leiga og den delen av garasjen som er planlagt som vanleg avgiftsparkering. Søknaden er innvilga av Skatt Vest
- Husbanken har løyvd 10,6 mill kr i tilskott
- Pott for reserve og usikkerhet er førebels satt til kr 140 mill. Etterkvart som prosjektet går framover vil det kunne presiserast nærare kor stor reserve som trengst

	Budsjett og økonomiplan for 2019 - 2021 - investering RNHI - mill kr				
	Totalt	2015 - 2018	2 019	2020	2 021
Kalkyle etter refusjon av mva	635	75	280	239	41
Tilskott Husbanken	-11				-11
Forventa netto kostnad (etter refusjon av MVA) og Husbanken	624	75	280	239	30

Driftsbudsjettet

Nokre av kostnadane med drift av selskapet må takast i drift. Det gjeld mellom anna styrekostnadar. Desse kostnadane vert dekkja inn når selskapet kjem i drift.

Region Nordhordland Helsehus IKS					
Budsjett og økonomiplan - drift					
	Rekneskap 2017	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Sum Driftsinntekter	-	-	-	-	-
Lønn og honorar	151 300	175 000	175 000	175 000	175 000
Lønn pensj og arb giv avgift	21 333	20 000	20 000	20 000	20 000
Kjøp av varer og tenester	18 720	20 000	20 000	20 000	20 000
MVA på kjøp					
Interne kostnadar					
Sum Driftsutgifter	191 353	215 000	215 000	215 000	215 000
Brutto driftsresultat	191 353	215 000	215 000	215 000	215 000
Netto finans	-75 937	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Netto driftsresultat	115 416	165 000	165 000	165 000	165 000
Totalt Interne Finansieringstransaksjoner	-	-	-	-	-
Årets resultat	115 416	165 000	165 000	165 000	165 000